

Program for årsmøte gjeldande for 2023

Moster Indremisjon

Sakliste, årsmeldingar, rekneskap, val



Jakob 5:7-8

Vær då tolmodige , sysken, til Herren kjem! Ein bonde må venta på den dyrebare grøda frå jorda og vera tolmodig til både haustregnet og vårregnet har falle. Slik må de og vera tolmodige og gjera hjarta sterke, for Herren kjem snart.

Årsmøtet vert halde Torsdag 15.02.2023 kl. 19:00 i Salem bedehus
Velkomst & andaktsord v/Knut Fauskanger

Innhold

Sakliste for årsmøtet i Moster Indremisjon	3
Årsmelding 2023 for Moster Indremisjon, sak 4.....	4
STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2023	4
ÅRSMELDING FOR AKTIV.....	7
ÅRSMELDING FOR SØNDAGSSKULEN PÅ SALEM	7
ÅRSMELDING FOR «BIBEL, MAT OG PRAT».....	8
ÅRSMELDING FOR BØNNEMØTA.....	8
ÅRSMELDING FOR ETTERMIDDAGSTREFFA	9
ÅRSMELDING FOR MYLDREDAG	9
ÅRSMELDING FRÅ LOVSANGSTEAMET.....	9
Rekneskap for 2023 og budsjett 2024, sak 5 & 6	11
Resultatrekneskap 2023 med budsjett 2024	11
Noter og kommentarar til rekneskap og budsjett	13
Balanse 2023	15
Revisorane si godkjenning.....	15
Framlegg om kandidatar til val på årsmøtet, Sak 9	16

Sakliste for årsmøtet i Moster Indremisjon

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste

Sak 2 Val av møteleiar

Styret gjer framlegg om Knut Fauskanger som møteleiar

Sak 3 Val av referent

Styret gjer framlegg om at sekretær for styret, Elisabet Langseth Esperø blir valt som referent.

Sak 4 Godkjenning av årsmelding for 2023

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2023 (Vedlagt).

Sak 5 Godkjenning av Rekneskapen for 2023

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023 (Vedlagt).

Sak 6 Godkjenning av Budsjett for 2024

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett for 2024 (Vedlagt)

Sak 7 Val av Formann for 1 år

Framlegg frå valnemnda: Knut Fauskanger

Framlegg til vedtak: Knut Fauskanger vert valt for eit år.

Sak 8 Val av Styremedlemmer og Varamedlemmer

Valnemnda presenterer framlegg til kandidatar (sjå Vedlegg)

Sak 9 Val av revisorar

Styret gjer framlegg om val av desse som revisorar for 2024:

Hans Ola Røksund (attval) & Hans Magne Nesse Stokka (attval)

Framlegg til vedtak: Desse vert valde til revisorar

Sak 10 Val av valnemnd for 2024

Styret sitt framlegg:

Eva Karin Schmidt (attval), Lars Espeland (attval) og Oddgeir Esperø (ny)

Framlegg til vedtak: Valnemnd vert valde i tråd med framlegg. Lars syter for å kalle inn valnemnda.

Sak 11 Samtale om arbeidet

Sak 12 Eventuelt

Årsmelding 2023 for Moster Indremisjon, sak 4

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2023

«Vær då tolmodige , sysken, til Herren kjem! Ein bonde må venta på den dyrebare grøda frå jorda og vera tolmodig til både haustregnet og vårregnet har falle. Slik må de og vera tolmodige og gjera hjarta sterke, for Herren kjem snart»

- Jakob 5:7-8

Styret sitt arbeid

2023 har vert eit normalår for Salem. Me har hatt fast, enten søndagssamling på formiddagen eller søndagsmøter på kvelden, gjennom heile året.

Når me ser tilbake på 2023 så er det i tillegg mange andre arrangement på Salem. Ein gong i månaden er det ettermiddagstreff. Kvar onsdag er det bønne møte. Me har arrangert møtehelg saman med Sion, Søtt og Salt, påskevandring, konfirmantfest, 17.maifest, haustmesse, Connect, Herrenes aften, Syng jula inn og julefest.

Hausten 2023 starta me og opp igjen med myldredag. Kvar 6.søndag har me også ansvar for andakt på servicesenteret. Dette har Leif Magne Naustbakken og Jakob Vedøy tatt ansvar for. Me har altså eit stort og allsidig arbeid på Salem. Ein blir ikkje arbeidsledig dersom ein engasjerer seg i kristent arbeid. Mange er engasjerte og me er takksame for alt arbeid som blir lagt ned på Salem. Så opplever me også at det er litt vanskeleg å få folk til ulike oppgåver når det er behov for det. Dette ynskjer me å diskutere under samtale om arbeidet på årsmøtet.

Frå Årsmøte Torsdag 23.februar 2023 - Valresultat

Knut Fauskanger, styreleiar

Vermund Hjelland, nestleiar

Elisabet Langseth Esperø, styremedlem & sekretær

Mari Sivertsen, styremedlem

Jakob Andre Vedøy, styremedlem

Ane Michaelsen, styremedlem

Første vara: Kjersti Pedersen

Andre vara: Bjørn Roar Kippersund

Tredje vara: Jarle Ingvaldsen

Møter og talarar

Håkon og Mari Rydland NLM, Egil Morland NLA, Svein Arne Theodorsen, Arne Lindekleiv IMS, Marit Ådnanes IMS, Lise Marie Litlabø IMS, Ola Malvin Lomheim IMS/NLM, Tor Espen Kristensen IMS, Tor Magne Haraldseid Samemisjonen, Lars Egil Fredriksen Lys over land, Svein Bergfjord Torsteinsbø DISM, Aksel Lygre, Marit Andersen NLM, Ellen Raen Israelsmisjonen, Øyvind Solheim NLM, Håkon C.Hartveit, Erik Stensland IMS, Geirr Standal Sion, Ole Petter Livden Åpne dører, Odd Egil Eikje og Mariann Kjær Eikje, Heidi Gellein, Torbjørn Vatteland Gideon og Terje Bøe/Anne Birgitte Lillebø Bøe pTro. Nokon av talarane har vore hos oss fleire gonger.

Brandøy

22.- 24. september reiste me til Brandøy. Ein komité leia arbeidet med programmet. Ca.70 personar reiste. Både unge og vaksne reiser. Dei små ungane har det veldig kjekt på leir. Det at me reiser ilag som forsamling er nok viktig for at ungane skal få lysst til å reise på leir også seinare. Det er rom for at litt fleire av den «eldre garde» vert med på leir. Det var ein del ungar som var med utan foreldre. Det er ikkje berre positivt. Me hadde med oss Linda Aase som hadde nokon samlingar med oss. 3 av

ungdommane våre som går på Lundeneset var også med og dei hadde opplegg for barna våre også i år.

Det går veldig greitt å arrangere leir når alle bidrar litt. Me har bestilt plass på Brandøy heilt fram til 2028. I 2024 er datoen 20.-22.sept.

Møtehelger

Våren 2023 hadde me ei møtehelg felles med Sion. Me hadde besøk av Ole Petter Livden frå Åpne dører. Me hadde to møter på laurdagen på Sion og felles søndagssamling på Salem på søndagen. Me gjekk gjennom eit opplegg som Åpne dører har kalla for «stå sterke i stormen».

Bønnekonferanse

Sion, Klippen, Kristent fellesskap og kyrkja på Bømlo har i fleire år arrangert bønnekonferanse i september. I 2023 vart me invitert til å vera med å arrangera denne konferansen. Dette takka me ja til. Det vart arrangert møter i dei ulike forsamlingane 13-17/9 og me hadde møte på Salem på laurdagskvelden. Mykje folk møtte opp. Målet er at denne konferansen kan vera med å bidra til fornying av dei kristne på Bømlo og hjelpa oss til å nå nye med evangeliet. Det er godt å sjå at me kan samarbeida på tvers av forsamlingane. Det vart litt endringar i talarkreftene sidan fleire vart sjuke. Men Geirr Standal, Aksel Lygre og Geir Johannesen tala på møta. Det var også bønnemøte på formiddagane. Det vert ny bønnekonferanse 25-29/9 2024.

2024 Felleskristen komité

Salem er med i den felleskristne komiteen som er med og arrangerer diverse arrangement i forbindelse med feiringa av kristenretten 2024. Me hadde ein temakveld i Salem 23/11 som var starten på denne feiringa.

Me må nok rekna med at det vert behov for ein del dugnadsarbeid i forbindelse med dette jubileet og me håpar forsamlinga vil stille opp på dette.

Connect

8.Septemer samlast rett over 100 damer for ein fin kveld saman. Det var 98 påmeldte, men når kvelden kom måtte me dekke på til ekstra. Det var tapas, flott foredrag av Heidi Gellein og nydelig sang av Ingebjørg Ådnanes og Petter Michaelsen. Linda Aase leda oss trygt gjennom. Me håpar at det kan bli til ein årleg kveld.

Barne- og ungdomsarbeid

AKTIV , Bibel, Mat og Prat og søndagsskulen har eigne årsmeldingar nedanfor.

Myldredag

Hausten 2023 starta med opp igjen med myldredag. Sjå egen årsmelding.

Haustmessa

Haustmessa i år hadde me den 11/11. Mykje folk var engasjert og mange flotte ting vart laga og gitt til Salem. Me samla inn ca.225.000,- på denne haustmessa.

Herrenes aften

I år var Herrenes aften 8.desember. Det var ca.90 påmeldte i år. Dette er nedgang frå i fjor der det var ca.120 stk. Me hadde besøk av Knut Arild Hareide. Han snakka om livet som polititar. Interessant å høyre på. God mat og god stemning. Svein Bjarne Aase hadde andakt på slutten og det var musikarar frå Salem.

Syng jula inn

Me song jula inn ilag med Sion den 17.desember. Dette var 3.søndag i advent. Lovsongsteamet frå Sion og Salem samarbeidde om å laga ein flott samling med mykje fin julemusikk. Geirr Standal, pastor i Sion hadde andakt og Serina Nøstbakken leia samlinga. Mykje folk samlast.

Julefest

29.desember hadde me igjen julefest. Det var mykje folk og me måtte setja opp ekstra bord. Serina Nøstbakken hadde andakt. Lovsongsteamet leia songen og hadde med seg Knut Røksund på trommer. Han går for tida på Bildøy og det var veldig kjekt at han ville væra med å bidra. Bevertningskomiteen hadde laga god mat og pynta fint. Ove Johan Borgemyr hadde laga quiz og Juletrengang hadde me til slutt.

Tilsette

Knut Fauskanger	20% fram til 1.mars. Administrativ stilling.
Ane Michaelsen	20% frå 1.mars. Administrativ stilling.
Serina Nøstbakken	Då Serina var på Filippinene støtta me ho med ein fast sum pr. måned. Då ho kom heim fortsette ho med å jobba 20% i Salem frå 1.september. Ho har for det meste vert med i barnearbeidet i Salem. Frå 1/1-2024 reduserer me denne stillinga til 10%.
Petter Michaelsen	Song og musikk og teknikk. Ikkje noko fast %stilling.

SunnBok

Me er no medeigar i Sunnbok. Me vil anbefala alle å nytta Sunnbok. Der finn ein mykje god kristen litteratur pluss ein del andre ting.

Vedlikehald og investeringar

Våren 2023 hadde me vår vanlege vaske/vedlikehaldsdugnad. Mykje godt arbeid vart gjort. I desember vart det montert ny varmpumpe oppe i foajeen.

Økonomi

Rekneskapan for 2023 er revidert og godkjent av dei valde revisorane.

Takk

Styret vil også i år takke alle i forsamlinga for frivillig innsats på dei ulike felt og for gåver som er gitt. Salem er heilt avhengig av det frivillige engasjementet som de syner. Styret ønskjer alle Guds rike velsigning!

Mosterhamn, 07.02.2023

Knut Fauskanger	Vermund Hjelland	Elisabet Langseth Esperø	Jakob Andre Vedøy
- Styreleiar -	- Nestleiar -	- Styremedlem/Sekretær -	- Styremedlem -

Mari Sivertsen	Ane Michaelsen	Bjørn Roar Kippersund	Kjersti Pedersen	Jarle Ingvaldsen
- Styremedlem -	- Styremedlem -	- Varamedlem -	- Varamedlem -	- Varamedlem -

ÅRSMELDING FOR AKTIV

Aktiv er eit tilbod for ungdom frå 8. klasse og oppover med samlingar laurdag klokka 20.30. I 2023 hadde me til saman 18 møte. Frammøtet gjennom året låg vanlegvis på mellom 10 og 40 ungdommar.

Eit vanleg møte startar med andakt og felles leikar eller konkurransar. Etter dette har me open kiosk med sal av is, brus og ulike søtsaker. Me har og fleire ulike spel, blant anna bordtennis, biljard og Playstation. I midten av oktober reiste me over til Leirvik bedehus og deltok på Pitstop. Ca. 15 ungdommar vart med frå Moster.

Leiarar: Aksel Lygre, Bjarte Stølen, Bjarne Notland, Oddgeir Esperø, Kristine Borgemyr, Ove Johan Borgemyr

Styret 2023: Aktiv hadde ikkje eit fungerande styre i 2023.

Andakt: Leiarane hadde dei fleste andaktane i 2023, men i mars hadde me besøk av Ole Petter Livden frå Opne Dører. Han utfordra ungdommane til å skriva oppmuntrande e-postar til kristne som har det vanskeleg. I april hadde me besøk av eit team frå Bibelskolen på Bildøy.

Oppmøtet i 2023 var bra og ein del betre enn i 2022. Særleg gledeleg har det vore at dei som begynte på vidaregåande skule i haust, framleis kjem på Aktiv. Dei aller mest trufaste går i 10. klasse eller vg1, men det har også vore ein del 8. og 9. klassingar som har møtt nokså fast.

Me har inntrykk av at ungdommane likar seg og har det kjekt på Aktiv, men framleis er det slik at me i litt for liten grad klarer å gi dei oppgåver og ansvar i samlingane. Me har også tenkt på om me kunne ha gjort ungdomssalen noko lunare og koselegare enn han er i dag. Kanskje nokon med sans for interiør kunne ha vore med i ein prosess for å få dette til?

Ove Johan Borgemyr

ÅRSMELDING FOR SØNDAGSSKULEN PÅ SALEM

Annakvar søndag er det søndagssamling på Salem kl. 11.00. Me som skal på søndagsskulen startar oppe på møtet i lag med dei andre med opning, bøn, song og skattekiste. Kl. 11.30 går borna ned i kjellaren for å fortsetje med søndagsskulen. Nokre av borna møter rett i kjellaren kl. 11.30 medan andre deltek på møte før dei går ned i kjellaren. Søndagsskulen varer til møtet oppe er slutt, ca. kl. 12.30.

Det har stort sett vore søndagsskule kvar gong det har vore søndagssamling, nokre få gonger har det vore familiemøte, då deltok me på dette i staden for å ha eiga søndagsskulesamling. På våren hadde me Sprell levande-fest med mange gøyale leikar. Festen vart avslutta saman med dei vaksne, der me åt pølse i brød og hadde is til dessert. Ein kjekk tradisjon 😊

Søndagsskulen er delt inn i to grupper: Ca. 3 år – 4. klasse og 5. klasse - 7. klasse

Oppmøte på søndagsskulen er bra. På den minste gruppa brukar det å vere i gjennomsnitt 20 born. På den store gruppa er det frå 5-15 born på samlingane. Tala for betalende medlemmar er mykje lågare, då me framleis er for lite flinke til å reklamere for moglegheita til å vere medlem i søndagsskulen, og har difor berre sju betalende medlemmar i 2023. Her har me forbedringspotensiale, me må vere flinkare til å reklamere for medlemskap i søndagsskulen vår.

Leiarar dette året har vore: Ann Iren Skjøtskift Dahl, Solfrid Fauskanger Pedersen, Adelheid Isdal Stokka, Serina Nøstbakken, Helga Stokka, Bjarne Notland og Camilla Rubach. Det er alltid ønskjeleg med nye leiarar som kan bidra med gode idear til søndagsskulen. Du er velkomen til å vere med.

Kvar søndagsskule samlar me inn kollekt til Gentle hands.

Me er medlem av Søndagsskolen Norge og brukar undervisningsopplegget Sprell levande på samlingane våre.

I 2023 fekk me 3975 kr i frifond driftsstøtte. Desse pengane går til å handle inn utstyr til søndagsskulen og bladet Barnas som me deler ut til søndagsskuleborna.

Mosterhamn 22.01.24, For søndagsskulen

Camilla Rubach

ÅRSMELDING FOR «BIBEL, MAT OG PRAT»

Gruppa for vidaregåande skule består av to gutar og ein leiar, og samlingane våre har eit fast mønster. Først et me deilige bollar og pratar om laust og fast i om lag ein halv time. Deretter les me eit kapittel frå Bibelen før me avsluttar med bøn. I 2023 møttest me annankvar sundag gjennom stort sett heile året, og me klarte nesten å komma gjennom Johannesevangeliet. Gruppa for 2010 modellane haldt på fram til sommaren.

Ove Johan Borgemyr

ÅRSMELDING FOR BØNNEMØTA

I Bibelen finn me mange sterke oppmodingar til å be. Her helsar me med ei av desse:

Framfor alt legg eg dykk på hjartet å bera fram bøn og påkalling, forbøn og takk for alle menneske. Be for kongar og alle som er i leiande stillingar, så vi kan leva eit stilt og fredeleg liv med gudsfrykt og vørndnad i alt vi gjer. Dette er godt og noko Gud, vår frelsar, gleder seg over, han som vil at alle menneske skal bli frelste og læra sanninga å kjenna. 1. Tim. 2,1-4.

Det er bønemøte i Salem kvar onsdag kveld kl. 19.00 med unnatak av sommarferien. I 2023 var det 38 møte. Mellom 8 og 10 personar møtte trufast opp for å lese frå Bibelen, samtale og be saman. Leiing av møta og bibellesing går på omgang til dei som ønskjer å ta på seg denne oppgåva. Det er ei ganske fast gruppe, og i praksis fungerer det som ei bibel- og bønegruppe. Det seier seg sjølv at mykje god livsvisdom og bibelkunnskap er samla når me nemner at gjennomsnittsalder er om lag 80 år.

Møta tar til med fellessong og bøn for møtet før me les og samtaler ut frå eit kapittel i Bibelen. Siste året har me mellom anna lese utvalde kapittel i Jesaiaboka, Openberringsboka, heile 1. Johannes brev, 1. Peters brev og Jakobs brev. Etter samtalen er det tid for felles bøn der forsamlinga og verksemda i Salem står sentralt. Men me retter og blikket ut til bygda vår, kyrkja og andre forsamlingar, land og folk. Bøna om vekking og åndeleg liv er gjennomgåande. Skulane, både dei offentlege og friskulane, blir ofte nemnde, og omsorga for ungdommen og skulelaga i området vårt blir ofte trekte fram. I tillegg ber me for indre- og ytre misjonsarbeidet og for Guds eige folk, Israel.

I bønemøta våre lever eit sterkt ønskje om at fleire skulle kome med i denne forbønstenesta slik bibelordet ovanfor uttrykker det: «**Framfor alt legg eg dykk på hjartet å bera fram bøn og**

påkalling...». Me ønskjer mellom anna at fleire yngre kunne vere med og oppleve den velsigninga me opplever når me les Bibelen og ber saman. Opplegg og tid for møta kan endrast om det skulle vere eit ønskje. Velkomne til bønemøta i 2024 om du har høve til det!

Arne Borgemyr
Kontakt for bønemøta

ÅRSMELDING FOR ETTERMIDDAGSTREFFA

Vi har i mange år hatt ettermiddagstreff tredje torsdag i månaden kvart semester. Tidlegare var det vi over 60, men vi endra namn slik at det kunne vera ope også for dei under 60 år. Men dei som i dag går på Ettermiddagstreffet er nok vi over 70. Det varierer litt på kor mange som kjem, men det er ein fast flokk på pluss, minus 30, så det er plass til fleire. Programmet er enkelt, med litt for smilebåndet, song/musikk, utlodding, kaffi og kake, andakt og god tid til prat. Vi har ei tidsramme frå 16.30 til 18,15.

Andaktshaldarar dette året har vore: Olav Eikemo, Klaus Muff, Håkon C. Hartveit, Arne Borgemyr, Bibelskulelevar frå Bildøy, Toralf Steinsland. Jette Marie og Bjarne Steinsund er faste songarar, Birger Pedersen har ansvar for teknikken.

Komiteen for Ettermiddagstreffet er: Åslaug Totland, Johanna Johannessen, Jette Marie og Bjarne Steinsund, Toralf Steinsland

ÅRSMELDING FOR MYLDREDAG

Årsmelding Myldredag Generell info Myldredag hadde oppstart 13.september og hadde 9 samlingar onsdagar fram til 15.november. Fra gang til gang var det mellom 20-80 barn, inklusiv miniversjon av hallo-venn i Oktober. Nokon kjem med heile familien, nokon med foreldre eller besteforeldre, og nokon barn kjem aleine. Det kjem både familiar som "tilhøyrer" Salem og andre som ikkje typisk er der.

Frivillige og Organisering:

Arrangementet startar med ein middag, der me har 4 kjøkkengrupper med 4 personar kvar som rullerer. Dei lagar middag og tar imot betaling. Vigdis Kippersund gjer alle innkjøp. Serina Nøstbakken held ein kort andakt kvar gong før aktivitetane. Det er ei hobbygruppe leda av Ann Iren S. Dahl og ei Idrettsgruppe leda av Petter Michaelsen. Kvar av disse gruppene har igjen mellom 2-4 andre som hjelper til når det passar. Disse gruppene er sjølvstyrte og bestemmer sine egne aktivitetar. Berit Fauskanger leder småsangen nede. I 2023 var Ane Michaelsen kontaktperson mellom gruppene, men det er no i 2024 Serina Nøstbakken.

ÅRSMELDING FRÅ LOVSANGSTEAMET

Dette året har me vore 10 aktive medlemmer, derav 6 som speler ulike instrument. Me har i løpet av året fått med oss ein ekstra pianist. Dette avlastar godt, slik at me no kan delta meir med pianist/gitarist på kveldsmøta. I tillegg har Lars Espeland av og til vore med som pianist. Det er me takksame for.

I løpet av året har me hatt ansvar for musikken på 17 søndagssamlingar, 1 familiemøte, samt Samlingsfest, Brandøy-weekend, og Julefest. I tillegg har me hatt ansvar for Syng Jula inn, saman med Sion.

Me legg vinn på å bruke nye og gamle songar og songar som passar ulike aldersgrupper. Kvart halvår har me ei liste med rundt 10 songar som er "Fokussongar". Desse består av nokre få nye songar, i tillegg til allereie kjende songar. Desse songane skal me bruke mest. I tillegg supplerer me andre songar som er kjende for forsamlinga og som passar inn i tema og høgtid.

I starten av kvart halvår har me evaluering/planlegging saman og ei felles øving der me øver inn nokre av "Fokussongane". Dette for å samkøyre oss slik at me nyttar same variant av songane.

Som Lovsongsteam opplev me at det er inspirerende å øve mot eit litt større arrangement, som Syng Jula inn. Det er veldig kjekt at me kan samarbeide på tvers av forsamlingane av og til.

Me opplev at me gjennom året har klart å fordele ressursane i lovsongsteamet rimeleg godt, slik at belastninga ikkje blir for stor på enkeltpersonar. Det er stadig eit ønskje å få med fleire, både songarar, instrumentalistar og lydteknikarar.

For Lovsongsteamet; Berit Fauskanger

Rekneskap for 2023 og budsjett 2024, sak 5 & 6

Resultatrekneskap 2023 med budsjett 2024

	Res-2022	Bud-2023	Res-2023	Bud-2024	Note
<u>INNTEKTER</u>					
3130 Haustmesse	247 501,15	250 000,00	219 936,67	250 000,00	
3131 Hallovenn	15 759,29	20 000,00	9 667,70	20 000,00	
3132 Myldredag	0,00	0,00	13 977,54	30 000,00	*
3133 Herrenes Aften	44 080,24	50 000,00	30 516,61	30 000,00	
3136 Connect			31 141,27	30 000,00	
3137 Konsert		10 000,00	4 273,87	10 000,00	
3140 Medlemskontingent	16 390,00	15 000,00	11 200,29	15 000,00	
3210 Givertjeneste	591 650,00	650 000,00	576 950,00	620 000,00	*
3220 Gaver Salem	2 500,00	2 500,00	14 581,12	3 000,00	
3230 Strømstøtte	18 190,00	40 000,00	10 116,00	15 000,00	*
3240 Støtte/Utbytte	15 939,52	16 000,00	14 533,40	15 000,00	*
3241 Merverdiavgiftkomp.	57 230,00	60 000,00	73 218,00	80 000,00	*
3245 Grasrotandelen	12 504,44	13 000,00	9 522,24	10 000,00	
3600 Utleie	60 900,00	60 000,00	44 400,00	50 000,00	
3890 Diverse inntekter	3 699,00	5 000,00	0,00	0,00	
SUM INNTEKTER	1086 343,64	1 191 500,00	1 064 034,71	1 178 000,00	
<u>KOLLEKTER</u>					
3905 Kollekt Salem	39 016,52	40 000,00	46 834,61	40 000,00	*
3910 Kollekt Indremisjonssamskipnad	41 707,83	40 000,00	39 844,59	40 000,00	
3930 Kollekt andre	115 896,76	115 000,00	120 491,29	115 000,00	*
SUM KOLLEKTER	196 621,11	195 000,00	207 170,49	195 000,00	
<u>OVERFØRTE KOLLEKTER</u>					
4210 Overført Indremisjonssamskipna	48 274,00	50 000,00	41 641,00	50 000,00	
4230 Overført andre	116 524,00	115 000,00	136 055,00	115 000,00	
4235 Foredragsholdere	0,00	10 000,00	1 000,00	10 000,00	
SUM OVERFØRTE KOLLEKTER	164 798,00	175 000,00	178 696,00	175 000,00	
<u>LØNSKOSTNADER</u>					
5000 Forsamlingsleder	237 177,40	0,00	0	0,00	*
5010 Lønn ansatte	137 162,90	492 000,00	322 177,65	300 000,00	*
SUM FORSAMLINGSLEDER	374 340,30	492 000,00	322 177,65	300 000,00	

	Res-2022	Bud-2023	Res-2023	Bud-2024	Note
DRIFTSKOSTNAD					
6200 Elektrisitet	95 174,59	100 000,00	85 579,88	90 000,00	
6300 Kommunale avgifter	10 108,33	10 000,00	12 655,20	14 000,00	
6320 Brannvern	26 387,75	25 000,00	38 762,82	40 000,00 *	
6540 Inventar	11 248,50	10 000,00	347,00	10 000,00	
6550 Maskiner	0,00	60 000,00	33 997,13	40 000,00 *	
6560 Lyd/Bilde	26 641,50	30 000,00	32 048,00	30 000,00	
6565 Kopimaskin	6 999,00	8 000,00	7 607,80	8 000,00	
6570 Utomhus arbeider	0,00	5 000,00	0,00	5 000,00	
6600 Vedlikehold	39 853,60	20 000,00	0,00	20 000,00	
6700 Programvare	1 486,00	2 000,00	2 793,83	2 000,00	
6800 Kontorrekvisita	799,00	2 000,00	0,00	2 000,00	
6820 Trykksak	0,00	2 000,00	0,00	2 000,00	
6900 Telefon, porto, kopiering	0,00	2 000,00	0,00	2 000,00	
6910 Bredband, web	16 856,00	20 000,00	16 014,92	18 000,00	
7320 Moteannonsering	14 238,30	15 000,00	16 717,70	15 000,00	
7321 Annonsering forsamlingsleiar	7 706,00	0,00	0,00	0,00	
7350 Moster 2024	0,00	0,00	2 500,00	5 000,00	
7351 Hallovenn	15 484,14	20 000,00	9 045,00	20 000,00	
7353 Myldredag	0,00	0,00	8 754,40	20 000,00	
7354 Utgift givertjeneste	5 060,00	5 000,00	6 053,00	6 000,00	
7355 Mat og annet forbruksmaterieil	31 626,35	35 000,00	46 165,58	45 000,00	
7356 Blomster	2 780,80	3 000,00	2 091,20	3 000,00	
7357 Søtt og Salt	0,00	5 000,00	4 245,60	5 000,00	
7358 Haustmesse	12 383,80	15 000,00	15 797,03	15 000,00	
7359 Kurs	7 800,00	8 000,00	8 180,00	10 000,00	
7360 Bønnekonferanse	0,00	0,00	11 330,00	10 000,00	
7361 Barnelag	18 539,23	20 000,00	3 472,31	5 000,00	
7362 Aktiv	0,00	25 000,00	3 558,43	25 000,00 *	
7363 Herrenes Aften	31 041,60	40 000,00	22 691,06	25 000,00	
7364 Konsert	0,00	0,00	1 299,00	2 000,00	
7365 Søndagsskulen	6 490,00	8 000,00	5 513,86	8 000,00	
7366 Connect	0,00	0,00	18 731,80	25 000,00	
7500 Forsikring	50 657,00	55 000,00	54 156,00	59 000,00	
7720 Bankgebyrer	1 402,00	1 500,00	1 402,00	1 000,00	
7730 Nattsafegebyr	0,00	0,00	1 462,50	8 000,00 *	
7790 Diverse kostnader	5 475,44	6 000,00	5 230,00	0,00	
SUM DRIFTSKOSTNAD	446 238,93	557 500,00	477 799,05	595 000,00	

	Res-2022	Bud-2023	Res-2023	Bud-2024	Note
BYGGEKOSTNADER					
8420 Nedbetaling lån	323 236,00	323 236,00	323 236,00	623 000,00	*
SUM BYGGEKOSTNADER	323 236,00	323 236,00	323 236,00	623 000,00	
FINANSINNTEKT- OG KOSTNAD					
8550 Renteinntekter	-11 430,00	-15 000,00	-14 191,00	-7 000,00	*
8750 Rentekostnader	159 722,54	160 000,00	170 089,00	147 000,00	*
SUM FINANSINNTEKT- OG KOSTNAD	148 292,54	145 000,00	155 898,00	140 000,00	
RESULTAT	-173 941,02	-306 236,00	-186 601,50	-460 000,00	

Noter og kommentarar til rekneskap og budsjett

I budsjettet for 2024 er det i stor grad lagt inn arrangement og aktivitetsnivå som i 2023.

Note 3132

Budsjett 2024: Føresetnad om at det vert arrangert Myldredag både vår og haust 2024.

Note 3210

Resultat 2023: Resultatet 607.000 (2020), 626.000 (2021), 592.000 (2022) og 577.000 (2023). Altså ein svak nedgang frå toppåret 2021.

Budsjett 2024: Utgift til medarbeidarar (20% stilling forsamlingsleiar/Admin, Musikalsk leiar & Serina) gjer at me bør sjå auke i gjevartenesta framover. Likevel for å vise forsvarleg budsjettering, vert det budsjettert 620.000, noko som inneber ein auke på ca 7% frå Resultat 2023 til Budsjett 2024. Dette er den viktigaste enkeltposten i budsjettet og forsamlinga vil være avhengig av denne posten for å kunne halde fram med dagens modell for drift og aktivitetar.

Note 3230/6200

Resultat 2023: Det var budsjettert med straumstøtte for 2023. Me mottok straumstøtte for 2.halvår 2022 i 2023, og vil motta strømstøtte for 2.halvår 2023 (og mulig også 1.halvår 2024) i 2024.

Budsjett 2024: Det vert budsjettert med moderat straumstøtte då dette er ei uforutsigbar ordning.

Note 3240

Resultat 2023: Posten inneheld støtte til trussamfunn og kundeutbyte frå Sparebanken Vest og frå Finnås Kraftlag.

Note 3241

Budsjett 2024: Det vert forutsett tilsvarende ordning og grad av kompensasjon i 2024 som for 2023.

Note 3905/3930

Resultat 2023: Kollektar til Salem vart litt over budsjett for 2023. Kollektar overført til andre (samla, inkludert IMS), vart og litt over budsjett, og kollektar samla ca 10.000,- over budsjett.

Budsjett 2024: Det vert budsjettert med kollektar tilsvarende som for 2023.

Note 5000/5010

Resultat 2023: Det var budsjettert med administrativ arbeidar i 20% stilling gjennom heile året, ein nyoppretta stilling på inntil 30% i 4 månader, og vidareføring av noverande engasjement for musikalsk leiar gjennom heile året. I tillegg vart det budsjettert med vidareføring av avtale med Serina Nøstbakken. Resultat er under budsjett primært grunna at det ikkje vart nytta nyoppretta stilling på 30% i 4 mnd.

Budsjett 2024: Det vert budsjettert med administrativ arbeidar i 20% stilling gjennom heile året, og vidareføring av noverande engasjement for musikalsk leiar gjennom heile året. I tillegg vert budsjettert med vidareføring av avtale med Serina Nøstbakken i 10% stilling ut året.

Det er lagt til forventta tariff-festa lønnsauke frå midt i året.

Note 6320

Budsjett 2024: Årlege utgifter varierer noko, budsjett er ihht resultat 2023.

Note 6550

Resultat 2023: Størstedelen av kostnaden er til ny varmpumpe.

Budsjett 2024: Det vert budsjettert med 40.000,- til uforutsette utgifter (Men ny varmpumpe i kjellaren vil kunne bli behov).

Note 7362

Resultat 2023: Det var sett av midlar til fornyingsprosjekt i kjellaren – som ikkje vart gjennomført.

Budsjett 2024: Midlar budsjettert for 2023 vert overført til 2024.

Note 7730

Budsjett 2024: Løsning for kontantlevering hos bank vart avslutta siste del av 2023. For vidare er dette ei teneste me kjøper frå Nokas.

Note 8420/8550/8750

Budsjett 2024: Lånet som vart etablert ved bygging av bedehuset Salem er eit serielån med lineær avdragsprofil, og avtalt nedbetalingsbeløp vert uendra også for 2024. Grunna dagens rentenivå, og fordi ein no er ute av fastrenteavtale for lånet, er Styret si innstilling at ein så snart som mogeleg betalar ned 300.000,- ekstra på lånet, og slik reduserer både renteutgifter på lån og renteinntekter frå innskudd. Det er vesentleg høgare rente på lån enn på innskudd. Me har ved utgangen av 2023 ca 815.000,- i bankinnskudd. Om ein betalar ned som foreslått, vil det fortsatt vera ca. 200.000,- i bankinnskudd på det tidspunktet der me har minst pengar på bok (normalt like før haustmessa)

BALANSE 2023

Moster Indremisjon

31.12.2023

	2023
EIENDELER	
1200 Aksjer Sunnbok AS	30.000,00
1500 Fordringer	4.257,80
1600 Salem bedehus	2.204.404,00
1900 Kasse	14.996,00
1950 Driftskonto	208.065,45
1970 Lånekonto	25.832,39
1975 Høyrentekonto	581.490,60
1980 Medlemskontingentkonto	10.555,04
SUM EIENDELER	3.079.601,28
EGENKAPITAL OG GJELD	
2000 Egenkapital	805.991,80-
2240 Pantelån	2.204.404,00-
2400 Leverandørgjeld	69.205,48-
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	3.079.601,28-

Revisorane si godkjenning

Revisjonsberetning for Moster Indremisjon.

Vi har revidert regnskapet for Moster Indremisjon for 2023. Regnskapet består av balanse og resultatregnskap.

Vi har gjennomgått regnskapet og tatt stikkprøver på bilag og kontoutskrifter. Vi finner ingenting å sette fingeren på.

Regnskapet viser et underskudd på kr 186.601, 50. Dette underskuddet er ca halvpart av hva som var budsjettert underskudd så sånn sett er resultatet bra.

Regnskapet er særdeles ryddig og oversiktlig og det virker som regnskapsføreren har full kontroll på regnskapet

Det som kan virke litt mer uoversiktlig er kontanthåndteringen i laget. Vår anbefaling er å kutte helt ut kontanter og kun benytte Vipps.

Mosterhamn, 13. februar


Hans Ola Røksund
Hans Magne Stokka

Framlegg om kandidatar til val på årsmøtet, Sak 9

Etter gjeldande lov for Moster Indremisjon skal det vere 5 medlemmar i styret i tillegg til formann. Vanleg valperiode er 2 år. Formann veljast for eitt år av årsmøtet i eige val. Det skal og veljast 3 vararepresentantar for eitt år.

Desse har vore valnemnd siste året: Lars Espeland(leiar), Eva Gjerde Schmidt og Nils Otto Espeland.

Desse er valde i styret for eitt år til:

Jakob Andre Vedøy

Mari Sivertsen

Valnemnda sine kandidatar til styret:

Serina Nøstbakken

Christian Bjercke

Ingvill Aase Manangi

Valnemnda sine kandidatar til vararepresentantar:

Ingen kandidatar

(1.vara, veljast for 1 år)

(2.vara, veljast for 1 år)

(3.vara, veljast for 1 år)